



Mottakarar i følge liste

Vår ref:

Sak: 23/2467 JpID: 23/29065 Sbh: LVB

Dykkar ref.

Dato:

11.08.2023

## Informasjon om hjortejakta 2023

### Informasjon om hjortejakta 2023

Hjortejakta nærmar seg med stormskritt og som tidlegare år sender vi hermed informasjon om jakta til leiarar i valda.

**Som leiar av eit vald er du ansvarleg for at informasjonen i dette brevet vert spreidd til jegerane som jaktar i ditt område.**

#### Oppsummering av viktig informasjon:

- Alle vald må ha på plass ettersøksavtale før jakta startar. Ved private avtalar (dvs ikkje med ettersøksringen) skal avtalen sendast til kommunen.
- Fellingsrapport skal leverast av valdleiar **innan søndag 7. januar 2024**. Fellingsrapport leverast på skjema eller digitalt gjennom hjorteviltregisteret. Det skal informerast om kjønn og alderskategori på alle felte dyr, **inkludert kalv skote på kvotefri jakt**. Det forventast at jeger undersøker kjeven på felte dyr for å rapportere inn rett alderskategori.
- Alle godkjente vald kan nytte seg av kvotefri jakt på kalv.
- Kjevelappar vart seint bestilt, men kan hentast på rådhuset nærmere jaktstart. E-post blir sendt til valdleiarane når det er klart.
- Dyr med halsband frå merkeprosjektet «Vesthjort» skal ikkje fellast. Sjå eigne rutinar ved felling av merka hjort (med eller utan halsband) eller tilhøyrande kalv.
- Fellingsavgifta i Stad er:
  - Vaksen: kr 480
  - Kalv: kr 73
- Haustteljing:** Haustteljing gjennomførast av valda 18. og 25. august. Meir informasjon under.

#### Jakttida

Jakttida for hjort er 1. september til og med 23. desember.

#### Ettersøkshund / Ettersøksavtale

Alle jaktag og personar som jaktar åleine, skal ha tilgang på godkjent ettersøkshund. Ei avtale må vere på plass innan jaktstart. Storvald kan teikne ei kollektivavtale for heile valdet (alle jaktfelta).

##### Postadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

##### Telefon

57 88 58 00

##### Org.nr

921 060 157

##### Edialog

[Sikker digital post](#)

##### Internett

[www.stad.kommune.no](#)

Jaktfelt og vald som vil nytte seg av private hundar har høve til det. Dokumentasjon på tilgang til godkjent ettersøkshund må sendast til kommunen innan jakta startar. Liste over godkjente hundar og eigarar er tilgjengeleg på [Norsk Kennel Klub sine nettsidar](#). Vald i gamle Eid kommune som har avtale med Stad ettersøksring treng ikkje å melde i frå om avtale.

Informasjon frå ettersøksringen om kva ein skal gjere om dyret ikkje å melde etter skot er vedlagt.

## Haustteljing

Det har vore tradisjon i Eid kommune å gjennomføre haustteljing før jakta. Dette er ein fin måte å få oversikt over situasjonen i forkant av jakta og kan brukast i samanheng med vårteljing og sett hjort til å følgje med på trendar.

Teljedato er fastsett til dei siste to helgane før jaktstart (so lenge det ikkje er same helg som jaktstart) og vert i år sett til 18. og 25. august (natt til laurdag). Teljingane gjennomførast på same måte kvar gong akkurat som vårteljing og resultatet kan sendast til kommunen.

Det bør teljast over store områder, slik at samarbeid på tvers av jaktfelt/vald kan vere nødvendig. Teljinga er lettaste å gjennomføre når to stk. samarbeider i bilen, ein lyser med tusenmeters lykt og tel dyra (ved hjelp av kikkert), den andre noterer på skjema. Det er dyr som står på INNMARK som skal teljast. Om andre hjelpemdirlar vert nytta skal det noterast ned. Noter ned tidspunkt og anna relevant informasjon på vedlagt skjema.

## Sett og felt hjort

Stad kommune oppmodar om å registrere sett og felt hjort på appen sett og skutt eller gjennom [www.hjorteviltregisteret.no](#). Dette er enkelt å bruke og alt ein treng for å logge inn er jegernummer og fødselsdato. **Hugs å føre inn alle jaktdagar, og dei som det ikkje vart sett hjort.**

**Om alle felte dyr vert registrert i Hjorteviltregisteret gjer det valdleiar sin jobb enklare og valdet kan leverere digital fellingsrapport til kommunen i etterkant av jakta.**

## Fellingsløyve og fellingsrapport

Fristen for å levere fellingsrapport vert sett til **søndag 7. januar 2024**. Det er valdansvarleg/valdleiar som skal rapportere for heile valdet – ikkje leiari av jaktfelt. Fellingsrapport skal leverast digitalt i Hjorteviltregisteret (sjå under) eller i tabell nedst på fellingsløyve.

På grunn av rapportering vidare til Statistisk sentralbyrå er det særskilt viktig at fristen vert overholden.

## Digital fellingsrapport i Hjorteviltregisteret

Valdansvarleg kan levere fellingsrapporten digitalt gjennom Hjorteviltregisteret viss alle felte dyr er registrert inn. **Valdansvarleg må kontrollere at alle felte dyr er registrert**, legge til manglande informasjon og rette eventuelle feil, før fellingsrapport kan leverast. Alle jaktdagar og felte dyr må godkjennast av valdansvarleg i Hjorteviltregisteret før den elektroniske fellingsrapporten kan leverast. **Vedlagt er ein rettleiar på korleis digital fellingsrapport leverast.**

Når digital fellingsrapport er levert får valdleiar tilsendt kvittering på e-post. **Fekk du ikkje e-post? Sjekk med kommunen om fellingsrapporten er levert.**

## Hjort med halsband skal ikkje fellast – eigne rutinar for felling av merka hjort eller tilhøyrande kalv

Det er framleis merka dyr med GPS halsband i Stad kommune. Nokre dyr har no mista halsbanda, men har framleis øyremerke synlege. Det er ikkje ønskeleg å felle merka hjort med halsband. Merka hjort utan halsband, eller kalven til merka hjort kan fellast, men då skal skjemaet «[felt merka hjort](#)» fyllast ut. Dyret må i tillegg bli nøyaktig vege, kjeve takast ut og reinskjerast, og eit øyre skal leggast i ein plastpose og frysast. GPS-halsband må handterast best mogleg. Det må skrus av, ikkje fjernast med kniv! Om de ønskjer skjemaet tilsendt, kontakt underteikna.

## Kvotefri jakt på kalv

Alle godkjente vald i Stad kommune kan nytte seg av kvotefri jakt på kalv. Kvotefri jakt på kalv kjem i tillegg til tildelte løyve. Retten til å felle eit fritt tall kalvar, vil då gjelde alle jaktrettshavarar i valdet. Den enkelte grunneigar må likevel samtykke til at kvotefri jakt på kalv kan utførast på sin eigedom. For sameige gjeld vanlege reglar etter sameigelova. I praksis kan kvar enkelt grunneigar/jaktrettshavar felle eit fritt tall kalvar på sin eigedom, men kan og gi løyve til andre.

Jaktleiar, eventuelt jeger/jaktrettshavar, er ansvarleg for at alle felte kalvar, uavhengig av kvote eller ikkje, rapporterast inn. Valdleiar er ansvarleg for å sende inn fellingsrapporten som skal inkludere all felt hjort. Det skal betalast fellingsavgift for alle felte kalvar. Sjå meir informasjon på [hjortevilt.no](http://hjortevilt.no).

**Kvífor skyte kalv?** Kalven har naturleg høgare dødelegheit, spesielt gjennom ein hard vinter.

Hjorteviltbestandane er frå naturens side tilpassa eit høgt uttak av kalv. Ved høg bestandstettleik som vi har i Stad, er det ofte ungdyna (kalven frå hausten før) som taper i beitekonkurransen på sommaren. Eit høgt uttak av kalv vil gje betre levevilkår til overlevande ungdyr sommaren etter.

## Kommunale mål om alder, vekt og kjønnsfordeling

Produksjonsdyna av begge kjønn er like viktige og det er eit mål om å auke snittalderen i Stad kommune. For å auke snittalderen må dei eldre dyna få lov til å bli enda eldre og det er difor viktig å ha fokus på å ta ut ein større del kalv og ungdyr.

Det er eit mål om å auke slaktevektene til dyna, og då må uttaket fokusere på dei minste dyna av begge kjønn. Det er mange som vegrar seg for å skyte fjorkolle fordi det ofte viser seg å vere ei lita kolle på 2,5 år. For klare å få til bestandsreduksjon, samt å auke kvaliteten på dyna, må ikkje jegeren kvie seg for å skyte kolle. Er det ei lita kolle utan kalv, so kan jegeren skyte denne om dei har løyve for å skyte kolle. Om alle felte dyr vert registrert med alderskategori og vekt, kan valdleiar forklare eventuelle skeivheitar i kolleavskyting til kommunen ved levering av fellingsrapport.

Ved høgt uttak av kalv og ungdyr er det viktig å halde eit høgt jakttrykk generelt for å unngå vidare auke i bestandstettleiken. Sett kolle per bukk indeksen er framleis høg og det er det difor viktig å ha eit kjønnsnøytralt uttak, og aller helst bør det vere ei overvekt av koller i uttaket.

## Fellingsavgifta

Etter at retningslinene for viltfondet blei reviderte i 2022, blir fellingsavgifta endra til kunn to kategoriar; vaksen (1,5 år og eldre) og kalv. For vaksen hjort vert satsen maks sats og for kalv vert den  $\frac{1}{4}$  av maks sats. Fellingsavgifta er i 2023 kr 480 for vaksen hjort (1,5 år og eldre) og kr 73 for kalv. Avgifta vert innkrevd med faktura frå kommunen.

## Leiarskifte i jaktfelt og vald

Dersom jaktfelt eller jaktfond vel ny leiar, skal kommunen få melding om dette. Kommunen skal alltid ha oppdatert informasjon om valdansvarleg (namn, postadresse, e-postadresse og telefonnummer).

## Skrantesjuke

Skrantesjuke (CWD) blei påvist for første gang i Europa i april 2016 hjå ein villrein i Lærdal.

Skrantesjuka rammer berre hjortedyr og det skal ikkje vere fare for smitte til menneske.

Symptom på at ein hjort er smitta med skrantesjuke:

- Unormal oppførsel
- Hyppig urinering
- Avmagring
- Ukoordinert rørsle
- Sikling
- Senka hovud

Alle som feller eller observerer hjort som dei mistenker kan vere smitta av skrantesjuke, skal melde frå til mattilsynet (tlf. 22 40 00 00) eller kommunen (SMS til tlf. 48 18 91 12).

Meir info om skrantesjuke finst på heimesida til Hjortevilt: <http://www.hjortevilt.no/skrantesjuke/>

## Rådyr

Dersom de ser rådyr under jakta, vil vi på landbrukskontoret gjerne ha melding om dette.

## Skitt jakt, med høg fellingsprosent og balansert uttak!

Med venleg helsing

Lindis Bergland Østgård  
utmarksforvaltar landbruk Gloppen og Stad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### Vedlegg

Aldersbestemming av hjort	1602113	11.08.2023
Sjekkliste ved skadeskyting for jaktag - Stad kommune	1602114	11.08.2023
Valdansvarlig - behandle data fra sett og skutt og elektronisk fellingsrapport	1602115	11.08.2023
Skjema for hausitteljing Stad	1602541	14.08.2023

### Mottakere

Barmen hjortevald	Barmavegen 50	6715	BARMEN
Bergdal hjortevald	Øvre Årsheim 29	6750	STADLANDET
Borgund hjortevald	Borgundvågvegen 540	6750	STADLANDET
Borgundvåg hjortevald	Borgundvågvegen 582	6750	STADLANDET
Bortne - Berge - Lesto hjortevald	Nedre Berge 55	6740	SELJE
Bryggja Aust hjortevald	Maurstad 42	6711	BRYGGJA
Bryggja Vest hjortevald	Leirongane 13D	6770	NORDFJORDEID
Drage - Austmyr hjortevald	Dragseidveien 494	6750	STADLANDET
Eide - Berstad hjortevald	Seljevegen 3103	6740	SELJE
Eltvik hjortevald	Eikhaugen 8 B, Arnatveit	5262	ARNATVEIT
Ervik hjortevald	Ervikbygdvegen 248	6750	STADLANDET
Fagerlid hjortevald	Fagerlidvegen 53	6711	BRYGGJA
Fellesområde 66-72	Seljevegen 2380	6740	SELJE
Flister hjortevald	Sørstien 37	6411	MOLDE
Flisternes - Sandvik hjortevald	Godøyvegen 91	6055	GODØYA
Fløde hjortevald	Vestkappvegen 1573	6750	STADLANDET
Fure hjortevald	Furestranda 310	6750	STADLANDET
Furenset - Seljenes hjortevald	Seljevegen 1217	6717	FLATRAKET
Gangeskar hjortevald	Seljevegen 740	6717	FLATRAKET
Grytting - Liset - Årdal hjortevald	Strandabøfjøra 24	6065	ULSTEINVIK
Hatlenes - Øren hjortevald	Seljevegen 2944	6740	SELJE
Heggjabygda og Levdalen hjortevald	Leivdalsvegen 171	6774	NORDFJORDEID
Hoddevik hjortevald	Hoddevikvegen 649	6750	STADLANDET
Honningsvåg hjortevald	Honningsvågvegen 450	6750	STADLANDET
Hove - Hammarsvik hjortevald	Reidavegen 18	6740	SELJE
Kjøde hjortevald	Skorgevegen 524	6740	SELJE
Kjølsdalen hjortevald	Hausvegen 166	6776	KJØLSDALEN
Kroken Vest hjortevald	Skaugerudvegen 122	2847	KOLBU
Kvernevik hjortevald	Heggedalsvegen 43	6711	BRYGGJA
Langedalen hjortevald	Strandavegen 162	6711	BRYGGJA
Leikanger hjortevald	Borgundvågvegen 57	6750	STADLANDET

**Mottakere**

Lillekjøde samjaktlag	Mostølveien 24 A, Stavanger	4027	STAVANGER
Lundebrekke - Sandenes hjortevald	Vestkappvegen 1683	6750	STADLANDET
Moldestad - Salt hjortevald	Seljevegen 2775	6740	SELJE
Morkadal hjortevald	Vestkappvegen 2751	6750	STADLANDET
Nordbygda hjortevald	Lotevegen 700	6778	LOTE
Nordpoll hjortevald	Leirbrekka 34	6823	SANDANE
Nore-Heggedal hjortevald	Maurstadeidet 2	6711	BRYGGJA
Oksebakkane hjortevald	Borgundvågvegen 540	6750	STADLANDET
Otnes - Kvamme hjortevald	Vestkappvegen 597	6750	STADLANDET
Rundereim hjortevald	Seljevegen 2380	6740	SELJE
Sagtennene hjortevald	Nordfjordvegen 4260	6774	NORDFJORDEID
Sande hjortevald	Vestkappvegen 1844	6750	STADLANDET
Sandvik - Sandviknes - Otneim hjortevald	Vestkappvegen 1204	6750	STADLANDET
Selja/Teigane hjortevald	Farsundhaugen 2	6819	FØRDE
Sjåstad hjortevald	Øvreliedbakkane 57	6750	STADLANDET
Skorge hjortevald	Skorgevegen 524	6740	SELJE
Solbakke/Brobakke hjortevald	Grilstadfjæra	7053	RANHEIM
Stave hjortevald	Stavetunvegen 30	6750	STADLANDET
Stokke hjortevald	Vestkappvegen 819	6750	STADLANDET
Stårheim-Haugen hjortevald	Remmedalsvegen 279	6777	STÅRHEIM
Sørsida hjortevald	Åshamar	6774	NORDFJORDEID
Teige hjortevald	Årvikvegen 127	6750	STADLANDET
Totland/Kroken Aust hjortevald	Fagerlidvegen 6	6711	BRYGGJA
Tungevåg hjortevald	Borgundvågvegen 582	6750	STADLANDET
Vetrhus hjortevald	Seljevegen 1563	6717	FLATRAKET
Vik - Beitveit hjortevald	Depotgt. 33 K	2000	LILLESTRØM
Årsheim hjortevald	Ervikbygdvegen 212	6750	STADLANDET
Årvik hjortevald	Ervikbygdvegen 234	6750	STADLANDET
Åsnes hjortevald	Nordvågsøyvegen 66, 6710	6710	RAUDEBERG
	Rauderberg		